



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-K46	20/491

FRAMLEGG TIL ENDRING AV KOMMUNALE FELLINGSAVGIFTER FOR HJORT FRÅ OG MED JAKTÅRET 2023/-24.

Vedlagte saksdokument:

Vedtekter kommunalt viltfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viltnemnda i Vaksdal kommune, v/ Formannskapet/plan- og økonomiutvalet, fastset følgende fellingsavgifter ved jakt på hjort i kommunen frå og med jaktåret 2023/-24:

- Kalv : kr. 240,- per felte dyr - endring frå kr. 210,-.
- Vaksne dyr (frå og med 1,5 år) : kr. 400,- per felte dyr - endring frå kr. 350,-.

Vedtaket er gjort i medhald av «Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova)» § 40 og «Forskrift for kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» § 6.

Vedtaket erstattar kommunestyret sitt vedtak om fellingsavgifter for hjort av 27.06.16, og gjeld inntil vidare.

Vedtaket skal kunngjerast i Vaksdalposten og på Vaksdal kommune sine heimesider. Det skal sendast skriftleg melding til alle hjortevalda i kommunen om endringane.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommune skal fastsetje fellingsavgifter for hjort i tråd med «Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» § 6.

Fellingsavgiftene går inn i det kommunale viltfondet, og skal nyttast til å fremje lokal viltforvaltning i vid forstand. Avgiftene utgjer i det store og heile inntektsgrunnlaget til viltfondet.

Samla, årleg beløp frå fellingsavgiftene er knytt til talet på felte dyr i kommunen. I 2018 var inntektene kr. 77 650,-, medan dei var kr. 117 880,- i 2022. Utgiftene for dei same åra, var høvesvis kr. 69 754,- og kr. 225 985,- (inkluderer også 2023 fram til no). Det har elles vore relativ, stor årleg

variasjon i forbruket i perioden. Fondssaldoen per 01.04.23 er kring 385 000,-, der kr. 100 000,- er bunden kapital.

Dagens fellingsavgifter vart fastsett av kommunestyret i Vaksdal i vedtak av 27.06.16, og er kr. 210,- for kalv og kr. 350,- for vaksne dyr (frå og med 1,5 år).

Kommunedirektøren finn grunnlag for å heve satsane frå og med jaktseasonen 2023/-24, med framlegg til følgjande avgifter:

- Kalv : kr. 240,- per felte dyr (auke med kr. 30,- per felte dyr).
- Vaksne dyr (frå og med 1,5 år) : kr. 400,- per felte dyr (auke med kr. 50,- per felte dyr)

Med bakgrunn i fellingstala i 2022, vil framlegget til heving av fellingsavgiftene gje kr. 16 840,-, frå kr. 117 880,- til kr. 134 720,-.

Framlegget vert presentert Formannskapet/-plan- og økonomiutvalet (viltnemnda) for avgjerd.

Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i «Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» § 6, skal kommunar som har opna for jakt på hjort og/eller elg, fastsetje og krevje inn fellingsavgifter for felte dyr av gjeldande artar innanfor ramma som Stortinget har fastsett, jf. § 40 i viltlova.

I Vaksdal kommune er det opna for jakt på hjort, og i følgje § 3 i nemnde forskrift, skal fellingsavgiftene reknast som inntekter for kommunalt viltfond. Vedtektene for kommunen sitt viltfond, fastsett 17.12.2001, seier i dette høve at fellingsavgiftene skal overførast til viltfondet i sin heilskap, jf. sak 0116/1.

I følgje punkt 2 i vedtektene, gjev kommunestyret fullmakt til kommunen si vilt- og fiskenemnd for fastsetjing av årlege fellingsavgifter for hjort innanfor statlege rammer, jf. sak 0116/1.

Vilt- og fiskenemnda i Vaksdal kommune er lagt ned, og Formannskapet/plan- og økonomiutvalet utgjer no det politiske organet for viltsaker (viltnemnd), med ansvar for å fastsetje fellingsavgifter for kommunen.

SATSANE SIN STORLEIK

Fellingsavgiftene skal delast opp i to kategoriar, høvesvis «kalv» og «vaksne dyr» (frå og med 1,5 år).

Det er opp til kvar kommune å fastsetje storleiken på satsane innanfor øvre grenser, fastsett av staten, der satsane kan endre seg over tid.

I kommunestyrevedtak av 19.12.01, vart fellingsavgiftene for jakt på hjort i Vaksdal kommune, sett til kr. 180,- for kalv og kr. 300,- for vaksne dyr.

I vedtak av 27.06.16 endra kommunestyret satsane til kr. 210,- for kalv og kr. 350,- for vaksne dyr, som har vore gjeldande satsar fram til no (til og med hjortejakta i 2022).

Maksimalsatsane for fellingsavgiftene er i dag kr. 270,- for kalv og kr 450,- for vaksne dyr (fastsett av staten). Dette er høvesvis kr. 60,- meir for kalv og kr. 100,- meir for vaksne dyr enn gjeldande satsar for Vaksdal kommune.

FONDSBRUK OG ØKONOMISK FORHOLD

Fellingsavgiftene frå hjortejakta i kvar kommune går inn i kommunale viltfond, for å skape økonomisk grunnlaget for viltforvaltning i kommunane, jf. § 1 forskrifta. Midlane kan i dette høvet nyttast til kunnskapsutvikling, jaktorganisering, ettersøk og handtering av fallvilt, førebygging av hjorteskarar på landbruksnæringa og andre, aktuelle tiltak innanfor fondsføremålet.

Samla beløp frå fellingsavgiftene varierer frå år til år, avhengig av talet på skotne dyr i kommunen. Innkomne avgifter viser i dette høvet følgjande variasjonar dei siste fem åra.

Tabell 1: Sum fellingsavgifter per år i Vaksdal kommune, 2018 - 2022.

2018	2019	2020	2021	2022
77 650,-	84 070,-	88 480,-	91 490,-	117 880,-

I følgje vedtektene for kommunen sitt viltfond, skal bunden grunnkapital vere kr. 100 000,-. Bruken av fondet varierer frå år til år, mellom anna etter talet på søknadar og utgiftene med ettersøks- og fallviltordninga. Oversynet for dei fem siste åra, viser følgjande forbruk:

Tabell 2: Årleg bruk av viltfondsmidlar for Vaksdal kommune, 2018 - 2023 (til og med 01.04).

2018	2019	2020	2021	2022 og 2023
69 754,-	41 192,-	17 945,-	95 447,-	225 985,-

Saldoen til viltfondet per 01.04.23, er kring kr. 385 000,- som tydar at kr. 285 000,- er tilgjengeleg kapital. Det vert teke atterhald om mindre endringar.

VARIASJON I FELLINGSavgIFTER MELLOM KOMMUNAR

Som samanlikningsgrunnlag og korrektiv for fastsetjing av fellingsavgifter i Vaksdal kommune, vert avgiftene for nabokommunar i 2022 vist i tabellen under.

Tabell 3: Fellingsavgifter i Vaksdal kommune og nabokommunar i 2022.

	Vaksdal	Modalen	Voss	Osterøy
Kalv	210,-	270,- (maks sats)	270,- (maks sats)	210,-
Vaksne dyr	350,-	450,- (maks sats)	450,- (maks sats)	350,-

Sidan Evanger Sør hjortevald og Evanger Vest hjortevald i Voss herad, og alle valda i Modalen, er med i bestandsplanområde der Vaksdal er administrasjonskommune, vert kommunen sine avgifter også gjeldande for desse valda.

Formelt grunnlag

- [Lov om jakt og fangst av vilt \(viltlova\)](#)
- [Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort](#)
- Vedtekter for kommunalt viltfond - Vaksdal kommune, vedtekne 17.12.01 sak 0116/01

Vurdering og konsekvensar

Som nemnd i innleiinga, kjem inntektene til kommunalt viltfond i all hovudsak frå innbetaling av fellingsavgifter. Desse avgiftene utgjør soleis den viktigaste finansieringskjelda for kommunale tilskot til ulike, viltfremjande tiltak, både med tanke på kunnskapsutvikling og konkrete gjeremål. Midlane

skal kunne brukast breitt, til ulike viltartar, ikkje berre hjortevilt. Det vil difor vere viktig å finne eit nivå på fellingsavgiftene som skapar økonomisk grunnlag, handlingsrom og engasjement for praktisk viltforvaltning, samstundes som storleiken blir oppfatta som «rett og rimeleg» hos jegerar og rettshavarar ut frå aktivitetsnivå, bruk og nytte.

Dagens inntekter til viltfondet har gjeve rom for å finansiere ulike prosjekt og gjeremål det er søkt om midlar til, kombinert med finansiering frå andre, lokale vilt- og utmarksfond, som «Mysterfondet» og «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv».

Den årlege søknadssummen har gått opp dei siste to åra, som også går fram av tildelingane frå viltfondet. Her er ein stor del nytta til å førebyggje hjorteskadar på innmark, ved å tildele midlar til oppsetjing av hjortegjerde. Tiltaket har gjeve god verknad, og vert sett på som tenleg verkemiddelbruk i høve til fondsføremålet. Tiltaket vil òg vere aktuelt for framtida.

Bruken av viltfondet har også vore knytt til offentlege ettersøk ved påkøyrslar av hjort og handtering av fallvilt. Desse oppgåvene vert gjennomført eit fast «fallvilt- og ettersøkskorps» i regi av kommunen, som er tufta på lovfesta krav, med naudsynte kurs- og opplæringstiltak. Det vil vere aktuelt å vidareføre og utvikle ordningane, både gjennom beredskap, praktisk arbeid og kompetanseutvikling.

Det er også nytta viltfondsmidlar til å støtte opp om organisering av hjortevald og etablering av bestandsplanområde i regi av jaktrettshavarane, som grunnlag for ei planbasert og målstyrt hjorteforvaltning, tufta på bestandsplanar. Dette vert sett på som ein kontinuerleg prosess, med behov for finansiering.

Elles har administrasjonen i kommunen mål om å arrangere årlege fagsamlingar og møteplassar som skapar lokal merksemd og aktivitet om viltforvaltninga i vid forstand.

Sjølv om det har vore midlar tilgjengeleg på fondskontoen fram til no, har ikkje bufferen og handlingsrommet vore større enn ønskjeleg. Samstundes kan det for framtida, vere tenleg å setje opp grunnkapitalen noko, frå kr. 100 000,- i dag, som den har vore sidan 1991. Dette er eit relativt lågt beløp, og ei mogleg heving ville kunne representere ei betre sikring av fondet, samstundes som ein må sikre at tilgangen på tilgjengelege fondsmidlar vert tilstrekkeleg. Grunnlaget for ei eventuell endring av grunnkapitalen, må i alle høve vurderast nærare og handsamast som ei eiga sak (vedtektsendring).

Når ein vurderer endring av fellingsavgiftene i kommunen, er det naturleg sjå dagens nivå opp mot praksisen i andre kommunar. Her har Vaksdal vesentleg lågare avgifter enn Voss og Modalen, høvesvis kr. 60,- for kalv og kr. 100,- for vaksne dyr. Argumentasjonen for fastsetjing av satsar i dei ulike kommunane kan variere, men ei viss harmonisering vil likevel vere tenleg, mellom anna ut frå oppfatninga lokalt.

Det er no sju år sidan Vaksdal kommune justerte satsane sist, og dei er fram til no, berre justert ein gong sidan 2001. Kommunedirektøren meiner difor det er gode argument for å heve fellingsavgiftene frå og med jakta i 2023. I dette høvet er framlegg til nye satsar som følgjer:

- Kalv : kr. 240,- per felt hjort - auke med kr. 30,- per dyr
- Vaksne hjort (frå 1,5 år) : kr. 400,- per felt hjort - auke med kr. 50,- per dyr

Dei nye satsane fører til at avgifta for kalv vert kr. 30,- lågare enn maksimalsatsen for gruppa, medan den vert kr. 50,- lågare for vaksne dyr.

Det er naturleg å vurdere om framlegget til nye satsar utgjer ei for stor endring i høve til tidlegare. Men samstundes kan endringa forklarast med at det er lenge sidan førre regulering, og at den tek utgangspunkt i forventa behov for tilskotsmidlar.

Med utgangspunkt i fellingstalet for 2022, vil ei endring som føreslått auke årleg innbetaling til viltfondet med kr. 16 840,- frå kr. 117 880,- til kr. 134 720,-.

Det er verdt å merke seg at storleiken på framlegget til justeringar er forskjellig mellom dyregruppene, der vaksne dyr har fått den største endringa. Dette er gjort for å minske skilnadane mellom gruppene, ut frå maksimalsatsane. Kalv har likevel den høgaste, prosentvise avgifta i høve til toppnivået. Dette kan kanskje føre til reaksjonar, ved at kommunen ønskjer å stimulere til uttak av denne aldersgruppa. Men samla sett meiner Kommunedirektøren at framlegget til nye satsar er godt grunngjeve.